



DP Byggservice AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/179 - 15/1950

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

02.02.2015

Svar på førespurnad om handsaming av søknad om planlagd byggjetiltak på gbnr. 23/498 i Meland kommune

Det vert vist til dykkar e-post til Meland kommune av 21. dm.

Tiltaket som er skildra i nemnde e-post vil innebere ei søknadspliktig bruksendring med tilhøyrande byggjearbeid, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav a-d. Føretak med ansvarsrett skal stå føre høvesvis innsending av søknad om bruksendring/byggjeløyve og prosjektering, utføring og uavhengig kontroll av byggjetiltaket i samsvar med reglane om ansvarsrett i pbl. kap. 22 og 23. Ansvarleg søkjar skal i den samanheng m.a. sjå til at alle aktuelle oppgåver er dekt med ansvarsrettar.

Krav til innhald i søknad m/ tilhøyrande dokumentasjon følgjer av pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4. Om gjeldande tekniske krav viser administrasjonen særskilt til pbl. § 31-2 («*tiltak på eksisterande byggverk*»). Tiltaket skal dertil prosjekterast og utførast i samsvar med dei føresegner som er gitt i og i medhald av pbl., under dette dei krav som følgjer av Byggteknisk forskrift (TEK10) og gjeldande reguleringsplan (*Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest*). Plankart og -føresegner følgjer vedlagt, jf. arealplanID 125619951011.

Dersom du treng nærmare avklaring av rammer og innhald i tiltak kan du be kommunen om å innkalle deg til ein førehandskonferanse, jf. pbl. § 21-1. Ein slik førehandskonferanse vert gebyrlagt med kr. 3 000,-, jf. gjeldande gebyrregulativ.

Dette til orientering.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Plankart

Planføresegner

Mottakere:
DP Byggservice AS